



# Retningsliner: Eigenbetaling for opphald i institusjon

## Vinje sjukeheim

Vederlag

## Innhold

1.0	Innleiing - generelt om eigenbetaling .....	3
2.0	Målsetting.....	3
2.1	Mål.....	3
3.	Vedtak om opphald og vedtak om betaling .....	4
4.	Tidsrom for betaling .....	4
4.1	Korttidsopphald - døgnopphald .....	4
4.2	Korttidsopphald - dag- og nattopphald .....	5
4.3	Langtidsopphald .....	5
4.4	Opphør av institusjonsopphald, jf. § 5, siste ledd .....	5
4.4.1	Etteroppgjer .....	5
4.4.2	Permisjon og anna fråvær frå institusjon ved langtidsopphald .....	5
5.0	Sakshandsaming ved eigenbetaling (vederlag) .....	6
5.1	Eigenbetaling ved langtidsopphald .....	6
5.2	Definisjonar .....	6
6.0	Inntekter.....	7
7.	Frådrag.....	7
7.1	Forsørgjarfrådrag for ektefelle og/eller born.....	7
7.2	Frådrag for skatt .....	8
7.3	Gjeldsrenter.....	8
7.4	Skjønsmessige frådrag.....	9
7.4.1	Frådrag for bukostnadar.....	9
8.0	Etteroppgjer .....	10
8.1	Renter .....	10
8.2	Etteroppgjer i innflyttingsåret.....	10
8.3	Etteroppgjer for det året bebuaren dør .....	10
8.3.1	Inntekt i døds månaden .....	10
8.4	Endring av fribeløp og grunnbeløpet .....	11
8.5	Etteroppgjer mot dødsbu .....	11
8.6	Unntak .....	11
8.6.1	Proklama er utstedt.....	11
8.6.2	Minimalt eller lite å skifte.....	11
9.0	Kva tenester skal ein bebuar ha dekkja under opphaldet? .....	11
10.0	Klagerett .....	12

11.0 Kjelder.....	12
Vedlegg 1 – Aktuelle lover og forskrifter.....	13
Vedlegg 2 – Berekning av attlevandepensjon .....	14

## 1.0 Innleiing - generelt om eigenbetaling

Det kan krevjast betaling for opphald i institusjon i følge *Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester*<sup>1</sup>. Alle med langtidsopphald i institusjon må betale ein eigendel for opphaldet. Eigendel for langtidsopphaldet og korttidsopphald over 60 døgn bereknast med bakgrunn i inntekt og personlege økonomiske forhal. I Vinje kommune er det Koordinerings- og tildelingskontoret som fattar vedtak om eigendel for opphald i institusjon.

Retningslinene gjeld vederlag for opphald i sjukeheim og buform med heildøgns omsorg og pleie i medhald av lov om kommunale- og omsorgstjenester<sup>2</sup>. Retningslinjene til Vinje kommune er bygd opp på med utgangspunkt i forskrifta. Dersom det ikkje er egne berekningar kring Vinje kommunes retningsliner, er desse i samsvar med forskrifta.

## 2.0 Målsetting

Det er kommunen sitt ansvar å utvikle system og rutinar som på best mogeleg måte i varetek intensjonane i lov, forskrift og rundskriv. Vinje kommune skal fatte vedtak som er i tråd med gjeldene lov og forskrifter.

### 2.1 Mål

- at kommunen fastset retningsliner på dei områda der lov, forskrift eller rundskriv opnar for å bruke skjønn.
- at tilsette gjennom tilstrekkeleg kjennskap til gjeldande lovar, forskrifter og rundskriv er kvalifiserte til å berekne vederlaget rett uavhengig av kompleksiteten i den einskilde bebuaren sin økonomi.
- at tilsette er kjent med saksbehandlinga i det elektroniske pleie og omsorgsprogrammet Profil når det gjeld vederlagsberekninga.
- at tilsette er opplærde i modul for eigendel i Profil, som vert nytta til å berekne vederlag, etteroppgjør og sluttoppgjør.

---

<sup>1</sup> FOR 2011-12-16 nr. 1349: Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester

<sup>2</sup> Lov 2011-06-24 nr. 30: Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (khol)

### 3. Vedtak om opphald og vedtak om betaling

Ved opphald i institusjon meir enn 14 dagar, skal kommunen fatte eit enkeltvedtak. Det skal i vedtaket tydeleg gå fram om det blir gjeve korttidsopphald<sup>3</sup>, eller eit langtidsopphald<sup>4</sup> eller avlastningstiltak.

For at kommunen skal kunne krevje betaling for opphaldet, må det fattast eit gyldig enkeltvedtak om betaling for opphaldet ( gjeld dagopphald, nattopphald og korttidsopphald).

Det skal underrettast skriftleg om at det kan treffas vedtak om betaling i samsvar med desse retningslinjene. Slik underretning blir gjeve før eller seinast samtidig med at avtale om flytting til institusjonen blir gjort. I dei tilfelle bebuar ynskjer, eller er ute av stand til å motta underretning, skal slik underretning og bli gjeve til verje/ hjelpeverje eller næraste pårørande.

I vedtaket om korttidsopphald skal kommunen opplyse kva eigenbetalinga er per døgn. Det blir fatta eit eige vedtak om berekning av vederlag om opphaldet overstiger 60 dagar per kalenderår.

Ved tildeling av langtidsopphald blir det varsla at det seinare vil kome eit eige vedtak om vederlag. I det same vedtaket blir det også opplyst om eventuell betalingsfri periode<sup>5</sup> og kva dato det vert berekna vederlag frå.

Når vedtak om betaling er avgjort, skal kommunen gi underretning til bebuar. Ein skal også gje opplysningar om retten til å klage.

## 4. Tidsrom for betaling

### 4.1 Korttidsopphald - døgnopphald

Betaling for personar som vert tildela korttidsopphald, skal skje frå fyrste dag. Kommunen har ikkje høve til å ta betaling for både inn - og utskrivingsdato.

Bebuar som får opphald ein fredag og reiser neste fredag, betalar difor for 7 døgn. Helsedirektoratet fastset sats for korttidsopphald gjennom årleg rundskriv til kommunane.

Unntak: Bebuarar på korttidsopphald betalar berre for dei døgna dei faktisk er ved sjukeheimen. Ved sjukehusopphald eller andre opphald som varer utover eit døgn, skal vedkomande ikkje betale for korttidsplassen. Det same gjeld dersom vedkomande reiser heim før vedtaket om korttidsopphald går ut.

---

<sup>3</sup> Korttidsopphald: Tidsavgrensa opphald i institusjon gitt som døgnopphald, dag opphald eller nattopphald.

<sup>4</sup> Langtidsopphald: Opphald i institusjon på ubestemt tid eller i tidsavgrensa opphald når vedkomande har vore på institusjon i minst 60 døgn per kalenderår.

<sup>5</sup> Fribeløpet skal trekkas frå inntekt opp til grunnbeløpet før vederlaget vart berekna.

## 4.2 Korttidsopphald - dag- og nattopphald

Ved dag og nattopphald betalar personen for tildela dagar eller netter. Det er Helsedirektoratet som fastset sats ved utsending av rundskriv til kommunane.

## 4.3 Langtidsopphald

Ved tildeling av langtidsopphald har bebuaren krav på ein betalingsfri periode tilsvarande ein kalendermånad frå innflytting<sup>6</sup>. Vederlagsbetaling kan fyrst krevjast frå dato etter innlegging i neste månad.

Unntak:

- Når bebuaren blir overført frå korttidsopphald til langtidsopphald, og har hatt meir enn 60 dagar korttidsopphald inneverande kalenderår. Kommunen kan då ta betalt frå første dag av langtidsopphaldet.
- Når bebuaren kjem direkte frå ein annan type institusjon der han eller ho har bruka opp den betalingsfrie perioden. Denne betalingsfrie perioden kan leggest til korttidsdøgn ved Vinje sjukeheim. Anna institusjon kan vere: sjukehus, spesialsjukeheim, sjukeheim, aldersheim, institusjonar for rusmiddelmissbrukarar og private institusjonar.

## 4.4 Opphøyr av institusjonsopphald, jf. § 5, siste ledd

Plikten til å yte vederlag gjeld til og med den dagen institusjonsopphaldet kjem til opphøyr. Ved dødsfall blir det kravd vederlag til og med denne dagen.

Unntak: Blir pasienten innlagt i sjukehus og det er klart at vedkomande ikkje vil kome tilbake, kan opphaldet avsluttast dersom nokon annan vert tildela romet som vedkomande hadde.

Når eit institusjonsopphald blir avslutta, må kommunen gjera eit etteroppgjer for opphaldet (*sjå meir under punkt 9.0*).

### 4.4.1 Etteroppgjer

Ved berekning av etteroppgjer, blir inntekta til bebuar fram til og med dødsdagen lagt til grunn.

Inntekt etter dødsfallet, vil tilfalle buet. Til dømes vil aksjeutbytte utbetala etter bebuar sin død, ikkje vere med i grunnlaget for vederlagsberekninga. Etteroppgjer kan først skje når alle tal føreligg i samband med skatteoppgjeret året etter.

### 4.4.2 Permisjon og anna fråvær frå institusjon ved langtidsopphald

Når ein bebuar med langtidsopphald i institusjon blir lagt inn på sjukehus, skal vedkomande normalt ikkje skrivast ut frå sjukeheimen, men ha permisjon. Plikta til å yte vederlag gjeld i permisjonstida, då bebuaren disponerer ein plass ved sjukeheimen.

---

<sup>6</sup> Jf. Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester § 6

## 5.0 Sakshandsaming ved eigenbetaling (vederlag)

### 5.1 Eigenbetaling ved langtidsopphald

Grunnreglar for utrekning av vederlaget.

**Inntekt - frådrag = berekningsgrunnlag**

- 25 % av G

- 75 % av fribeløpet

- 15 % av inntekter utover G

- frådrag for bukostnadar

**= dekningsgrunnlaget, dvs. det kommunen har krav på i vederlag**

I tillegg kjem beløpet som viser kontantyttinga fram.

Det er innført ein minimumsregel som blir nytta når berekningsgrunnlaget ikkje er høgare enn grunnbeløpet (G). Dette for å sikre at bebuarar med låge inntekter skal ha att minst 25 % av G i tillegg til fordelten av fribeløpet ( 75 %) til eigen disposisjon.

### 5.2 Definisjonar

- **Berekning av vederlag basert på inntekt**, jf. Eigendelsforskrifta § 3
  - 75 % av grunnbeløpet i folketrygda minus fribeløpet
  - 85 % av inntekter utover folketrygda sitt grunnbeløp
  - bebuars minstebeløp: Bebuar skal behalde til eige bruk minst 25 % av grunnbeløpet i tillegg til fribeløpet
- **Grunnbeløpet (G)** blir regulert årleg av departementet med verknad frå 1. mai.
- **Forskjellen på grunnbeløpet og grunnpensjon.** Det er forskjell på grunnbeløp og grunnpensjon, etter at pensjonane blei levealdersjusterte i 2011. I berekningsformelen skal alltid grunnbeløpet nyttast.
- **Fribeløpet** blir fastsett i statsbudsjettet, per 2014 er det sett til kr. 7.250,-. Fribeløpet blir trekt frå grunnbeløpet før ein bereknar vederlag på 75 %
- **Berekningsgrunnlaget** er alle inntekter som skal med minus alle frådrag, sjå eige avsnitt
- **Kontantyttinga** er det bebuaren sit att med til eigen disposisjon. Dette beløpet skal gå til å dekke personleg forbruk

## 6.0 Inntekter

**Det er inntekta for eit heilt år minus frådrag som danner grunnlaget for berekning av vederlag per månad.**

Årets stipulerte inntekter blir lagt til grunn.

Når skatteoppgjeret føreligg, skal det gjerast kontrollberekning<sup>7</sup> ( etteroppgjer) når faktiske inntekt og faktisk betala skatt føreligg, sjå under etteroppgjer.

- Kommunen har utgreiingsplikt for å fastsette vederlag - forvaltningslova § 17. Kommunen kan ikkje i etteroppgjeret krevje auka eigendel frå inntekter som kommunen burde ha visst om, med eitt unntak: Der kommunen har opplyst om at inntekta først blir med i etteroppgjeret
- Bebuaren / pårørande / hjelpeverje har plikt til å gje opplysingar om inntekter til bebuaren og eventuell ektefelle
- Når ein bebuar blir innskrive i institusjon, vil NAV omrekne pensjonen som om vedkomande var einsleg. Det same vil skje med den ektefelle som bur heime. Omrekninga skjer frå og med den andre månaden etter innflytting

Det er ikkje alltid samsvar mellom skattbar inntekt og inntekt som er ei vederlagsmessig inntekt. Det er disponibel inntekt og ikkje likningsmessig inntekt som skal leggest til grunn.

Bebuar har rett til å avslutte sine bankkonti, og overføre bankinnskottet til ektefelle, pårørande eller andre. Overføring må vera reell som gåve eller forskot på arv, ikkje berre proforma for å unngå vederlagsbetaling.

## 7. Frådrag

Det er fire typar frådragsposter i eigendelsforskrifta: forsørgjarfrådrag og heimebuande ektefelle og/eller born.

### 7.1 Forsørgjarfrådrag for ektefelle og/eller born.

Grunnregelen er at heimebuande ektefelle ikkje skal koma dårlegare ut økonomisk, enn om vedkomande var enke/enkemann. Ein stipulerar tenkt attlevandepensjon.

Frådraget i berekningsgrunnlaget skal minst svare til dei brutto pensjonane som ektefelle / born ville ha fått frå folketrygda, jf. Eigendelforskrifta § 5.

Tenkt etterlatnepensjon skal reduserast krone for krone mot ektefelles arbeidsinntekt og folketrygdpensjonar.

Andre pensjonar slik som private pensjonar, utanlandske pensjonar, pensjon frå Statens pensjonskasse, KLP mv skal ikkje med.

AFP er ikkje ei yting frå folketrygda, og skal ikkje med ( frå 2011 er AFP i stadig større del innarbeidd i folketrygda, og skal då takast med).

---

<sup>7</sup> Kilder for informasjonsinnhenting: NAV og Evry infotorg, fråsegn frå bebuar må innhentast. Ein nyttar årets pensjon frå NAV heller enn fjorårets likningsmessige inntekt.

Kapitalinntekter, leigeinntekter, næringsinntekt, underholdningsbidrag og sosialhjelp skal ikkje medreknast.

#### Forsørgjarfrådrag for andre pensjonar:

Bebuaren har i tillegg krav på forsørgjarfrådrag for 50 % av egne og private tilleggspensjonar, slik som til dømes sjømannspensjon, statspensjon, pensjon frå KLP, forsikringsselskap eller andre.

#### Forsørgjarfrådrag for heimebuande born under 18 år:

- ✓ 40 % av G for første born
- ✓ 25 % av G for andre og påfølgande born

#### **Hovudregelen er at attlevandepensjon består av:**

- Grunnbeløpet/grunnpensjon
- + 55% av bebuars tilleggspensjon
- + 55 % av ektefelles tilleggspensjon
- = tenkt attlevandepensjon

Det er tre måtar å berekne tenkt attlevandepensjon på ([sjå vedlegg 2](#)), bebuar har krav på å få lagt til grunn den som er mest gunstig.

I følge eigendelsforskrifta er det berre ektefellar og separerte ektefellar som har rett på forsørgjarfrådrag. Kommunen kan likevel velje å likestille gifte med folkeregistrerte sambuarar og registrerte partnerskap. Vinje kommune har valt å likestille sambuarar som har budd saman i minimum 5 år, med ektefellar. Ved vurdering og tolking av sambuarar, legg ein også definisjonen i folketrygdloven til grunn, jf. folketrygdloven § 1-5 tredje ledd. Ved skilsmisse fell forsørgjarfrådraget vekk.

## **7.2 Frådrag for skatt**

Eigendelsforskrifta § 3 og § 5 slår fast at all skatt blir trekt frå inntektene før vederlag blir berekna. Ved berekning av vederlag registrerar ein den fastlagde skatten som frådrag. Når skatteoppgjeret er klart, utfører kommunen eit [etteroppgjer](#) der beløpet blir justert til faktisk utlikna skatt.

Både ut frå at det er naturleg å sjå inntekter og utgifter i samanheng , og ut frå sterke rimelegheitsomsyn, legg kommunen til grunn at "skatt" berre gjeld skatt frå den inntekt som er med som vederlagsmessig inntekt.

Eigedomsskatt kjem ikkje til frådrag etter § 3 fjerde ledd. Helsetilsynet har tilføya at kommunen likevel kan gje frådrag for eigedomsskatt etter den skjønsmessige frådragsdelen i § 5 fjerde ledd. Ein kan då evt. medrekna eigedomsskatten blant frådrag for bukostnadar.

## **7.3 Gjeldsrenter**

Gjeldsrenter skal trekkast frå inntektene før vederlag blir berekna, jf. eigendelsforskrifta §§ 3 og § 5. Bebuar skal ha frådrag for all gjeld som han har stifta, er ansvarleg for og heftar for. Kven som reint faktisk betalar renter og avdrag er utan betyding. Frådraget er også uavhengig av føremålet til lånet. Det kan vera avvik mellom det som går fram av likninga og kven som faktisk heftar for eit lån. Kommunen må be om dokumentasjon på kven som faktisk heftar for lånet.

Renter på restskatt kjem også til frådrag, jf. Likningas Post 3.3.4 "Andel kostnader", gjeld renter for felleseige i bustadsameige og skal behandlast som andre renteutgifter (husleige og fellesutgifter skal evt. med under bukostnadar). Dersom ektefellar heftar for gjelda i lag, vil bebuar få frådrag for 50 % av gjeldsrentene. Avdrag skal ikkje med, så sant ikkje kommunen vel å taka med desse frådraga under skjønsmessige frådrag.

## 7.4 Skjønsmessige frådrag

Etter eigendelsforskrifta § 5 fjerde ledd gjeng det fram at kommunen kan gje andre frådrag, under føresetnad av at frådraget er rimeleg utifrå bebuararen si inntekt og forholda elles. Kommunen har fridom til å fastsette skjønsmessige frådrag etter denne paragrafen, for alle institusjonsbebuarar med og utan heimebuande ektefelle og, eller forsørgjaransvar.

Det er rimeleg å gje frådrag for å skåne bebuarar med stor forsørgjarbyrde og der den / dei som vert forsørgja, har knapt med midlar sjølve. Forvaltninga kan fritt bruke skjønn, så sant det ikkje er usakleg forskjellsbehandling. Forskjellsbehandlinga vert med andre ord berre sett på som misbruk av mynde når den manglar sakleg grunn eller verkar sterkt urimeleg eller urettferdig.

Ein bebuar som flyttar inn i institusjon, får frådrag for bukostnadar i 6 månadar etter innflytting i institusjon. Dette for å lette overgangen ved innflytting i institusjon, og gje vedkomande rimeleg tid til å avhende bustaden / eigedommen sin.

Det vil og vera rimeleg å gje frådrag for bukostnadar i ein lengre perioden dersom:

- bebuar har stor forsørgjarbyrde og eller heimebuande ektefelle med knapt med midlar.
- bebuararen er forventa å flytte heim att på eit seinare tidspunkt (bebuar med korttidopphald utover 60 døgn per kalenderår skal gjevast same høve til å dekke faste utgifter til bustad og hushald som andre heimebuande).

### 7.4.1 Frådrag for bukostnadar

Vinje kommune gjer frådrag for stipulera bukostnadar i den fyrste vederlagsberekninga, og justerar utgiftene når dokumentasjon er lagt fram.

Stipulerte bu utgifter per måned:

• Hus og innbuforsikring:	kr. 500,-
• Straum / ved:	kr. 1.500,-
• Kommunale avgifter:	kr. 600,-
• <u>Faste utgifter til telefon:</u>	<u>kr. 200,-</u>
<b>Totalt per måned</b>	<b>kr. 2.800,-</b>

Vinje kommune gjer frådrag for 50 % av bukostnadane når vedkomande har heimebuande ektefelle.

### Tidsrom for frådrag for bukostnadar:

Einsleg bebuar som flyttar inn i institusjon, får frådrag for 50 % av sine bukostnadar i 6 månadar etter innflytting i institusjon.

For bebuar med ektefelle som bur heime, kan ein vurdere tilsvarende frådrag ut over 6 mnd. om ektefellen har låg inntekt og lita formue.

## 8.0 Etteroppgjer

Vederlagsberekninga er basert på årets nettoinntekt ( inntekt minus skatt og gjeldsrenter).

Årets inntekt blir stipulert i det løypande vederlaget, og først når skatteoppgjeret frå førre år ligg føre, kan ein gjennomføre ein kontrollberekning. Når skatteoppgjøret frå førre år ligg føre, skal etteroppgjer bereknast. Dette etteroppgjeret vert varsla i vedtak om betaling.

Rettsleg sett er eit etteroppgjør ei endring av det tidlegare forvaltningsvedtaket, det vil sei endring av det vedtaket som låg til grunn for den løypande vederlagsberekninga.

Forvaltningslova § 35 set avgrensingar når det gjeld høve til å endre vedtak, med unntak av høve til endring "*der det følgjer av annan lov*", jf. § 3, 6. ledd i eigendelsforskrifta.

Dersom etteroppgjeret viser at bebuaren har betala for mykje i vederlag, pliktar kommunen å betale tilbake dette. Om bebuaren skuldar kommunen vederlag, vert vedkomande fakturert for dette beløpet.

## 8.1 Renter

Eigendelsforskrifta seier ikkje noko om renteplikt. Derimot har Statens helsetilsyn i rundskriv IK-25/96 uttala at bebuarar bør ha krav på renter på beløp som kommunen tilbakebetalar. Renta bør vera lik renta bebuar får på tilbakebetalt skatt.

[http://www.helsetilsynet.no/upload/regelverk/rundskriv/htil\\_gamle\\_rundskriv/IK-25-1996.pdf](http://www.helsetilsynet.no/upload/regelverk/rundskriv/htil_gamle_rundskriv/IK-25-1996.pdf)

## 8.2 Etteroppgjer i innflyttingsåret

Her nyttar vi det gjennomsnittlege grunnbeløpet. (Korkje forskrift, merknad eller rundskriv omtalar om ein skal nytte grunnbeløpet per 1. januar, per 31. desember eller gjennomsnittleg grunnbeløp).

## 8.3 Etteroppgjer for det året bebuaren døyr

Plikta til å betale vederlag gjeld til og med den dagen vedkomande døyr. Inntekter etter dødsdagen skal tilfalle dødsbuet. Pensjonar i døds månaden er skattefrie, og vil ikkje koma med i likninga.

### 8.3.1 Inntekt i døds månaden

Inntekta fram til dødsdagen bereknar ein ved å dele månadsinntekta på det faktiske talet på dagar i månaden og gange med talet på levedagar. Det er ikkje naudsynt å foreta eit sluttoppgjør for den månaden bebuar døyr.

Bebuaren blir fakturert frå kommunen for det faktiske talet dagar vedkomande levde. Kommunen mottek direktetrekket frå NAV for heile månaden. I samband med etteroppgjøret året etter, vert det totale vederlaget kontrollberekna.

Etteroppgjer for dødsåret endar ofte med eit tilleggskrav, det er derfor praktisk å motrekne etteroppgjørskravet mot for mykje betala vederlag i månaden bebuar døyr. Kommunen må varsle dødsbuet om denne praksisen.

## **8.4 Endring av fribeløp og grunnbeløpet**

Her legg ein til grunn Helse- og omsorgsdepartementet si uttale om at fribeløp og grunnbeløp skal justerast dersom pasienten ikkje har hatt inntekt heile året.

## **8.5 Etteroppgjer mot dødsbu**

Bebuar og dødsbu stiller likt når det gjeld etteroppgjersreglar. Ved privat skifte kan ein sette fram krav sjølv om arvingane opplyser at buet er gjort opp og fordelt, jf. skiftelova § 78

## **8.6 Unntak**

### **8.6.1 Proklama er utstedt**

Kommunen må melde frå om eit mogeleg etteroppgjerskrav gjennom eit uspesifisert krav med ei øvre ramme. Dette vert gjort ved at dødsbuet blir varsla om at sluttoppgjeret for døds månaden vert berekna saman med etteroppgjøret.

### **8.6.2 Minimalt eller lite å skifte**

Dersom midlane i buet er så små at det berre er eit minimalt beløp å fordele etter at gravferdsutgiftene er dekt, så bør ein ikkje sende etteroppgjør, jf. Skiftelova § 80. I praksis ligg grensa på 100 000 i brutto aktiva.

## **9.0 Kva tenester skal ein bebuar ha dekka under opphaldet?**

Vederlaget skal omfatte kost, losji, medisinar mv. samt helse- og omsorgstenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstjenesteloven, jf. Eigenandelsforskrifta § 7.

I vederlaget inngår dekning av opphald, mat og medisinar forutan tenester som legetenester, fysioterapi og sjukepleieteneste samt naudsynt tannbehandling, og ergoterapi.

Bebuarar på korttidsopphald som har passert 60 døgn i institusjon i kalenderåret, skal sidestillast med bebuarar på langtidsopphald.

## 10.0 Klagerett

Vedtak om vederlag kan påklagas til fylkesmann, fvl. §§ 28-34.

Fylkesmannen er klageinstans for vedtak etter eigendelsforskrifta, og har også tilsynsmynde for forskrifta sitt virkeområde

## 11.0 Kjelder

- [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)
- «**Betaling for beboere i institusjon**» av Åsmund Edvardsen og Leif Kåre Helland, 4. utgåve 2014.

## Vedlegg 1 – Aktuelle lover og forskrifter

### Lov 2011-06-24 nr. 30: Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (khol)

§ 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester, punkt 6 c: plass i institusjon, herunder sykehjem og avlastningstiltak

§ 11-2 Vederlag for helse- og omsorgstjeneste:

*"For hjelp fra kommunenes helse- og omsorgstjeneste, kan kommunen kreve vederlag av pasient eller bruker når dette følger av lov eller forskrift"*

<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=lov+2011-06-24-30>

### FOR 2011-12-16-1254: Forskrift om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon

§ 1. Institusjon etter helse- og omsorgstjenesteloven

*Som institusjon etter khol § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c regnes:*

*d) Sykehjem*

*e) Døgnplasser som kommunen oppretter for å sørge for tilbud for døgnopphold for øyeblikkelig hjelp.*

§ 2. Institusjon i den kommunale helse- og e etter helsepersonelloven

*Som helseinstitusjon i den kommunale helse- og omsorgstjenesteloven etter*

*helsepersonelloven § 3, regnes institusjon etter § 1 bokstavene d og e i forskriften her*

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1254?q=2011-12-16+nr+1254>

### FOR 2011-12-16 nr. 1349: Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester

§ 1. *Vilkår og definisjoner*

Kommunen kan kreve egenandel for opphold i institusjon som nevnt i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c når kommunen helt eller delvis dekker utgiftene til opphold i slik institusjon, eller har stillet garanti for oppholdet.

Det kan likevel ikke kreves egenandel for:

a) korttidsopphold som primært ytes for å avlaste pårørende i deres omsorgsoppgaver

b) døgnplasser som kommunen oppretter for å sørge for tilbud om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp

I forskriften her menes med:

a) korttidsopphold: Tidsavgrenset opphold i institusjon gitt som døgnopphold, dagopphold og nattopphold

b) langtidsopphold: Opphold i institusjon på ubestemt tid eller tidsavgrenset opphold når vedkommende har vært på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår.

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1349?q=egenandel+for+kommunale>

### Rundskriv I-47/98 Om vederlag for opphold i institusjon mm

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/rundskriv/1998/i-4798.html?id=445627>

### LOV 1967-02-10 nr:00: Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker

<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10?q=forvaltningslova>

## Vedlegg 2 – Berekning av attlevandepensjon

### Alternativ 1 – hovudregel

Grunnbeløpet/grunnpensjon  
+ 55 % av bebuars tilleggspensjon  
+ 55 % av ektefelles tilleggspensjon  
= Tenkte attlevandepensjon

### Alternativ 2

Minstegarantiregel der 55 % -regelen som gjeld tilleggspensjon, blir lågare enn størrelsen av eit fullt særtillegg.

Grunnbeløpet/grunnpensjon  
+ særtillegg = grunnbeløpet størrelse  
= Tenkt attlevandepensjon

### Alternativ 3

Der heimebuande ektefelle har ein høg tilleggspensjon, mens bebuar har ein låg tilleggspensjon.

Grunnbeløpet/grunnpensjon  
+ heimebuande ektefelles tilleggspensjon  
= tenkt attlevandepensjon